

FEM ÅRS FELTARBEID VED FOKSTUMYRA, 2004-2008.

Ein studie av det biologiske mangfaldet ved Fokstugu, med hovudvekt på ornitologi og ringmerking, men også litt om andre virveldyr og virvellause dyr, frø- og sporeplanter.

Eit samandrag av fem års feltarbeid.

Kjell Mork Soot og Karl Johan Grimstad

Januar 2010



Gammal blåstrupehann på Fokstugu 27. juli 2008, i starten av fangstsesongen dette året. (Foto: Kjell Mork Soot).

INNHALD:

1. LITT OM FELTSESONGEN 2008.....	3
2. RINGMERKING.....	6
2.1 Ringmerkingsresultat 2003-2008.....	6
2.2 Gjenfunnsoversikt for Fokstugu pr. desember 2009.....	8
2.3 Kart over gjenfunna.....	13
2.4 Kontrollar i 2008 på Fokstugu av fuglar ringmerkte tidlegare sesongar på same stad (tabell).....	14
3. SAMANDRAG AV OBSERVASJONAR FOR 2004-2008.....	14
3.1 Samandrag av observasjonar for 2004-2008.....	14
3.2 Sluttord.....	26
4. ARTSLISTE FOR FUGL PÅ FOKSTUMYRA PR. 2008.	27
5. STADNAMNET FOKSTUGU.....	29
6. ARTSLISTER FOR m.a. INSEKT, PLANTER, MOSAR OG LAV PR.2008.....	30
6.1 Flaggermus.....	30
6.2. Augestikkarar.....	30
6.3 Sommarfuglar.....	30
6.4 Karplanter.....	30
6.5 Lav.....	33
6.6 Mosar.....	34
6.7 Sopp.....	35
7. TAKK.....	35
8. LITTERATUR.....	35

Initialar til namn i teksten: LFO = Laurits Fokstugu. KJG = Karl Johan Grimstad.
WMA = Willy Mardal. KMS = Kjell Mork Soot. THØ = Thor Østbye.

1. LITT OM FELTSESONGEN 2008 :

Her er gjort eit kort samandrag for feltsesongen 2008. Liknande samandrag for 2004-2007 er publiserte i dei fire tidlegare årsrapportane våre .

17. mai 2008 besøkte vi Fokstugu og Fokstummyra for første gong det året. Alt var framleis brunt, med snødekke enkelte plassar, som vanleg på den tida. Ein blåstrupe hadde funne seg ein songplass like ved fugletårnet. Av andre sporvefuglar blei det sett heipiplerke, kråke, gråtrast og sivsporv. Vadefuglane var representerte av småspove, storspove, vipe og heilo (minst 30 av sistnemnde art gjekk på markene på Fokstugu). Av rovfuglar blei kongeørn og tårnfalk sett.

13-15. juni: To tårnseglarar var komne til Fokstugu. Ein låvesvalehann flaug rundt driftsbygninga, og ei sandsvale passerte same stad lågt over bakken. Minst 15 taksvaler var tilbake etter at arten var totalt vekke året før, truleg fordi skjora raserte reira sommaren 2006. På markene på Fokstugu var minst 4 vipepar, og der var meir enkeltbekkasin å høyre/sjå enn kva vi hadde registrert dei tidlegare åra. Enkelte artar var i gang med hekking. I den predasjonssikre fossekalnkassa vi hadde hengt opp på Fokstugu var der 6 ungar. Denne arten hadde slite i fleire år, fordi kråkefugl stadig hadde plyndra reiret. Tårnfalk, dvergfalk og hornugle hadde egg, sjølv om smågnagarbestanden hadde kollapsa.

Ein meir uvanleg art, sivhauk, ei hoe, blei første gong observert 14. juni ved Lesjabekk. Fuglen blei sett til langt ut i juli.

I siste dagane i juni blei ofte gråhegre observert flygande forbi i stor høgde, opptil fire for dagen. Dei kom alltid nordanfrå (Trøndelag?), og kursa mot sør. Ein kunne etter kvart dagleg sjå gråhegre fiske ved ulike vatn..

17. juli blei ei fiskeørn observert flygande mot nord over jernbanestasjonen . Ein kjempeflokk på fleire hundre individ med grå/brunsisik viste at arten hadde fått fram ungar dette året også.

Skal vi nemne hekkesuksessen i 2008 for ugler og småfalkar er det fort gjort. Vi hadde funne eitt hornuglereir, det blei røva av kråkefugl. Ikkje ein dvergfalkunge kom fram i dei reira vi visste om. Egg blei lagde, men resultatet vart dårleg. Det var påfallande at den einaste dvergfalken vi fekk i nettet den sesongen var ein gammal hann. Tårnfalken gjorde det litt betre. I eit gammalt skjorareir var der ein unge , men han syntest å ikkje vere i toppform. I ei kasse var der fire ungar, som dette året ikkje berre blei fora med smågnagarar, men også av fugl. Mellom annan var der restar av ein stor enkeltbekkasinunge.

For første gong fekk vi drive ringmerkingsarbeid ein heil månad utan avbrot (perioden 26. juli - 27. august), viss ein ser vekk frå 03. og 04. august då det var dårleg fangstver med for mykje nedbør. August blei godt dekkka mannskapsmessig, fordi Willy Mardal frå Nordvestjydske RG i Danmark dreiv stasjonen frå den 14. august og nesten ut månaden.

Starten på fangssesongen var 26. juli, då 53 fugl blei fanga medan vi arbeidde med å setje opp netta. Svartrast, gulsongar og gulsporv (ein av kvar) var beste artane den dagen. Det flotte veret heldt seg ut månaden, med over 20 varmegrader kvar dag. 27. juli, dagen etter oppstart, der alle netta var i funksjon, viste seg talmessig å vere ein av dei beste fangstdagane for året med 178 ringmerkte fugl. Lauvsongaren var tydeleg på trekk med 86 ringmerkte (høgste dagssum av den arten det året). Denne dagen kunne også skilte med 44 blåstrupar, som også var årsbeste for den arten. Men dagen blir best hugsa fordi ein gammal gauk (hann) hang i nettet, noko som er uvanleg i seg sjølv. Ein fantastisk flott skapning, som gjorde inntrykk på sjølv ein gammal ringmerkar.

Dei første dagane i august heldt fram som i juli vermessig. Heipiplerka dukka opp i netta for alvor 02. august med 26 individ. Omtrent kvar dag seinare var det relativt gode fangsttal for

den arten heilt fram til 21. september. Då var det plutselig bom stopp fram til 11. oktober, då årets siste heipiplerke hamna i nettet.

Trepiplerka var representert med eitt individ 27. juli, og den arten dukka opp i netta dagleg frå den 07. august. Arten hadde trekktopp i midten av august, då 10-11 fugl blei ringmerkte i fleire dagar. I midten av september var det ikkje fleire å få.

08. august viste blåstrupen tydelege trekk tendensar. Dei allereie ringmerkte forsvann, men stadig nye fuglar kom inn. Og dei fleste fuglane hadde skifta til vinterdrakt. Siste dagen i august blei fem blåstrupar fanga og ringmerkte, i september blei berre ein umerkt fugl fanga (13. september). Dette er typisk for blåstrupen på Fokstugu. Terrenget er omtrent tomt for den arten når august er omme. Berre nokre få mytande adulte og allereie ringmerkte fuglar er igjen. Nesten det same gjeld for lauvsongaren, men han sluttar ikkje av så brått som blåstrupen. Etter den 20. august går fangsttala sakte, men sikkert, ned for lauvsongaren. Komen til september, er det berre eit fåtal å få i netta. Den siste i 2008 blei fanga 21. september.

I løpet av august fekk vi 4 krikkender i netta. Det beste fangstresultatet på Fokstugu nokon sinne for den arten. Utruleg at denne vesle kroppen skal vere så populært jaktbytte lenger sør i Europa. Når det gjeld ender, blei ei toppand sett med 3 ungar i Langtjørni ved Horrtjern 07. august. Desse ungene var berre 1/3 vaksne så seint i sesongen. Ei siland med tre heilt nyklekte ungar blei sett i Langtjørni 08. august. Medan vi var på denne lokaliteten, passerte ein flokk på minst 10 trekkande småspove. På same stad var der også to ungfuglar av horndukkar 07. og 08. august. Elles hadde fiskemåsen på Fokstumyra ein vellukka hekkesesong, i motsetnad til på Vestlandskysten, der det mange stader var svært dårleg dette året. Ein ung lappsporv fanga 05. august får stå som representant for ein art som har slutta å hekke på Fokstumyra. For øvrig var dette den andre vi har fanga der i denne femårsperioden, men enkeltindivid er blitt observert av og til. Som vanleg dukka ein sivsongar opp dette året også, datoen for besøket var 17. august. Ein meir nordleg art stakk inn om 15. august, polarsisik. Først 29. september kom den neste. Fram til 25. oktober blei sju til av same art ringmerkte. Typisk nok dukka det opp ein del svartkvit flugesnappar på trekk frå midten av august. Då månaden var slutt, var det også slutt på trekket for den arten. 19. august hang første svartmeisa i nettet. I dei nærmaste dagane blei ein og annan fugl fanga. Det var ingen ting som verka uvanleg. 30. august var der 5 i netta, som blei rekna som mykje for å vere den arten på Fokstugu. Dagen etter hang der plutselig ein flokk på 37 fuglar i heisenettet samtidig, eit uvanleg syn i høgfjellet. I dei neste tre helgane var der mange fleire svartmeis i netta enn kva vi har vore vane med tidlegare år. Samstundes blei det meldt stor invasjon av svartmeis i delar av Danmark og i England. Ein ny ringmerkingsart for Sunnmøre RG blei fanga 20. august, tretåspett, andre observasjon av denne arten på Fokstumyra. Heilt i slutten av august kom gransongaren som vanleg. Det var brukbar forkomst av denne arten i dei første tre vekene i september, med opp til 11 pr. dag. Arten blei registrert fram til 10. oktober. Tidlege frostnetter hadde vi dette året også. Før sola stod opp, målte vi fem kuldegrader på fangststaden 07. september. Slike frostnetter er ikkje uvanlege i høgfjellet, men dei kan lage litt problem fordi netta ofte er frosne saman. Det kan gå fleire timar før fangstnetta fungerer. 13. september var nok den beste trekkdagen i 2008, med mykje fugl og stor artsvariasjon. Mellom anna var det godt bokfinktrekk., og første blåmeisa dukka også opp. Spreidde forekomstar av blåmeis var der heilt fram til 24. oktober. To gulbrynsongarar, årets einaste, blei fanga inn denne fine septemberdagen. Det er slåande at Fokstugu ofte er blant dei tidlegaste observasjonsstadene for denne arten i Noreg. Mange heipiplerker, raudstrupar, sivsporv og gransongar blei fanga, for å nemne nokre artar. Til saman 23 artar hamna i netta, med totalt 237 ringmerkte. Den dominerande fuglen den dagen var faktisk jernsporv med 52 individ. Stare var det også ein del av, det er vanleg å sjå den arten i august og september på Fokstugu.

13. september stod også for den første observasjonen vi har hatt av haukugle. Denne sat på ei straumlinje ved gardsvegen som kryssar markene. Fuglen hadde ein stor gnagar, sannsynlegvis ein vånd, i klørne.

I perioden 06-20. september blei 7 gjerdesmettar konstatert, trekrypar var representert 20. september og 09. oktober, bergirisk 20. og 21. september og varslar 14. og 20. september. Første snøen kom 06.oktober, omtrent 15 cm. Denne smelta etter kvart, så tre dagar etter var han omtrent vekke. Ei utfarga havørn blei sett 08. oktober. Same dagen blei ein pilfink fanga, 18. oktober gjekk to individ til i netta. .Det er tydelegvis noko bevegelse i pilfinken. Kvar har desse tenkt seg, og kvar kjem dei frå ?

Den første store trekkdagen for gråtrast var 10. oktober. I løpet av formiddagen passerte godt over tusen fuglar Fokstugu. Litt raudvengtrast var der inn i mellom all gråtrasten. Vidare utover i månaden varierte trastetrekket i intensitet. Og julefuglen framfor nokon, dompapen, blei det fanga eitt eksemplar av 17. oktober, den einaste det året.

18. oktober blei talmessig årsbeste ringmerkingsdag med med 329 ringmerkte fuglar, men nesten 300 av desse var gråsisik. Berre 8 artar blei ringmerkt den dagen, så trekket var tydeleg forbi for mange artar. Av rovfuglar blei kongeørn og tårnfalk sett.

Dei to siste fangstdagane i denne fem-årsperioden var 24. og 25. oktober. Der var litt snødekke og kuldegrader. Første dagen ga 40 fugl (1 blåmeis, 1 grønsisik og 38 gråsisik). Siste dagen var betre, 98 fugl, sjølv om vi dreiv så smått og pakka ned netta mellom nettrundene. Vi slutta av ganske tidleg ut på ettermiddagen. Fem raudvengtrast og 13 gråtrast flaug i netta, og ga beskjed om at trastetrekket over Fokstugu enno ikkje var heilt slutt. Ei granmeis, som nok satsa på å bli der gjennom vinteren, blei fanga. Resten var ein polarsisik, ein brunsisik og 77 gråsisik. Siste fuglen som fekk ring på Fokstugu, var ein gråsisik. Ikkje uventa, for det er den arten som det er ringmerkt mest av på Fokstugu.

Så var det berre å samle inn alt utstyret i bilane og plassere nettstengene på taket, ta eit siste overblikk over denne staden som har gitt oss så mykje glede og interessante opplevingar gjennom fem år og så køyre derifrå. Det var ein litt spesiell dag.



Gråsisik, adult hann, 25.oktober 2008, ein av dei siste fuglane som blei ringmerkt på Fokstugu.(Foto: Kjell Mork Soot).

2. RINGMERKING

2.1. Ringmerkingsresultat 2003-2008

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2007</u>	<u>Pull</u> <u>2008</u>	<u>Eg.</u> <u>2008</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2008</u>	<u>Totalt</u>
Storlom <i>Gavia arctica</i>	-	1	1	2	3 *
Krikkand <i>Anas crecca</i>	2	-	4	4	6
Myrhauk <i>Circus cyaneus</i>	19	-	-	-	19
Hønehauk <i>Accipiter gentilis</i>	2	-	-	-	2
Sporvehauk <i>Accipiter nisus</i>	6	-	3	3	9
Tårnfalk <i>Falco tinnunculus</i>	8	5	-	5	13
Dvergfallk <i>Falco columbarius</i>	16	-	1	1	17
Kvartbekkasin <i>Lymn. minimus</i>	1	-	-	-	1
Enkeltbekkasin <i>Gall. gallinago</i>	13	-	2	2	15
Rugde <i>Scolopax rusticola</i>	3	-	-	-	3
Skogsnipe <i>Tringa ochropus</i>	1	-	-	-	1
Strandsnipe <i>Actitis hypoleucos</i>	1	-	-	-	1
Gauk <i>Cuculus canorus</i>	-	-	1	1	1
Sporveugle <i>Glauc passerinum</i>	1	-	-	-	1
Hornugle <i>Asio otus</i>	4	-	-	-	4
Jordugle <i>Asio flammeus</i>	4	-	-	-	4
Perleugle <i>Aegolius funereus</i>	1	-	-	-	1
Tårnseglar <i>Apus apus</i>	2	-	-	-	2
Vendehals <i>Jynx torquilla</i>	2	-	-	-	2
Flaggspett <i>Dendrocopus major</i>	3	-	-	-	3
Dvergspett <i>Dendrocopus minor</i>	4	-	-	-	4
Tretåspett <i>Picoides tridactylus</i>	-	-	1	1	1
Låvesvale <i>Hirundo rustica</i>	4	-	-	-	4
Trepiplerke <i>Anthus trivialis</i>	323	-	138	138	461
Heipiplerke <i>Anthus pratensis</i>	1783	-	578	578	2361
Gulerle <i>Motacilla flava</i>	138	-	73	73	211
Vintererle <i>Motacilla cinerea</i>	1	-	-	-	1
Linerle <i>Motacilla alba</i>	8	-	2	2	10
Sidensvans <i>Bombycilla garrulus</i>	24	-	-	-	24
Fossefall <i>Cinclus cinclus</i>	5	6	-	6	11
Gjerdsmett <i>Troglodytes troglodytes</i>	18	-	7	7	25
Jernsporv <i>Prunella modularis</i>	426	-	268	268	694
Raudstrupe <i>Erithacus rubecula</i>	657	-	166	166	823

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2007</u>	<u>Pull</u> <u>2008</u>	<u>Fg.</u> <u>2008</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2008</u>	<u>Totalt</u>
Blåstrupe <i>Luscinia svecica</i>	3381	-	544	544	3925
Svartraudstjert <i>Ph. ochruros</i>	1	-	-	-	1
Raudstjert <i>Phoeni. phoenicurus</i>	68	-	28	28	96
Buskskvett <i>Saxicola rubetra</i>	3	-	3	3	6
Steinskvett <i>Oenanthe oenanthe</i>	11	-	2	2	13
Svartrast <i>Turdus merula</i>	39	-	6	6	45
Gråtrast <i>Turdus pilaris</i>	693	-	99	99	792
Måltrast <i>Turdus philomelos</i>	69	-	21	21	90
Raudvengtrast <i>Turdus iliacus</i>	485	-	90	90	575
Sivsongar <i>Acroc. schoenobaenus</i>	6	-	1	1	7
Gulsongar <i>Hippolais icterina</i>	23	-	5	5	28
Hauksongar <i>Sylvia nisoria</i>	1	-	-	-	1
Møller <i>Sylvia curruca</i>	41	-	13	13	54
Tornsongar <i>Sylvia communis</i>	1	-	-	-	1
Hagesongar <i>Sylvia borin</i>	44	-	7	7	51
Munk <i>Sylvia atricapilla</i>	68	-	8	8	76
Gulbrynsongar <i>Phyll. inornatus</i>	6	-	2	2	8
Bøksongar <i>Phyllosco. sibilatrix</i>	1	-	-	-	1
Gransongar <i>Phyllosco. collybita</i>	106	-	55	55	161
Lauvsongar <i>Phyllosco. trochilus</i>	3073	-	778	778	3851
Fuglekonge <i>Regulus regulus</i>	131	-	26	26	157
Gråflugesnappar <i>Musc. striata</i>	7	-	1	1	8
Svartkvit flugesn. <i>Fic hypoleuca</i>	48	-	13	13	61
Stjertmeis <i>Aegithalos caudatus</i>	4	-	-	-	4
Granmeis <i>Parus montanus</i>	107	-	39	39	146
Svartmeis <i>Parus ater</i>	4	-	67	67	71
Blåmeis <i>Parus caeruleus</i>	45	-	8	8	53
Kjødmeis <i>Parus major</i>	115	-	31	31	146
Spettmeis <i>Sitta europaea</i>	3	-	-	-	3
Trekrypar <i>Certhia familiaris</i>	1	-	2	2	3
Varslar <i>Lanius excubitor</i>	1	-	2	2	3
Nøtteskrike <i>Garrulus glandarius</i>	1	-	-	-	1
Stare <i>Sturnus vulgaris</i>	11	-	-	-	11
Pilfink <i>Passer montanus</i>	6	-	3	3	9
Bokfink <i>Fringilla coelebs</i>	48	-	31	31	79
Bjørkefink <i>Fring. montifringilla</i>	408	-	92	92	500
Grønfinnk <i>Carduelis chloris</i>	23	-	1	1	24
Grønssisik <i>Carduelis spinus</i>	78	-	15	15	93

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2007</u>	<u>Pull</u> <u>2008</u>	<u>Fg.</u> <u>2008</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2008</u>	<u>Totalt</u>
Bergirisk <i>Carduelis flavirostris</i>	1	-	2	2	3
Gråsisik <i>Caruelis flammea</i>	5123	-	1744	1744	6867
Brunsisik <i>Carduelis cabaret</i>	1314	-	398	398	1712
Polarsisik <i>Carduelis hornemanni</i>	24	-	10	10	34
Rosenfink <i>Carpod. erythrinus</i>	2	-	-	-	2
Grankorsnebb <i>Lox. curvirostra</i>	2	-	-	-	2
Dompap <i>Pyrrhula pyrrhula</i>	23	-	1	1	24
Lappsporv <i>Calcarius lapponicus</i>	1	-	1	1	2
Gulsporv <i>Emberiza citrinella</i>	8	-	1	1	9
Dvergsporv <i>Emberiza pusilla</i>	1	-	-	-	1
Sivsporv <i>Emberiza schoeniclus</i>	1142	-	456	456	1598
Totalt 82 artar (54 artar i 2008):	21084	12	5851	5863	26948

* Ein storlomunge blei også ringmerkt i august 2009.

2.2 GJENFUNNSOVERSIKT FOR FOKSTUGU pr. desember 2009.

Her er samla alle gjenfunna vi har motteke til desember 2009. Det er sjølv sagt venta at det etter kvart kjem inn fleire funn av dei nesten 27 000 ringmerkete i denne femårsperioden.

Forklaring av symbol:

1K	= 1. kalendarår. Fuglen er klekt same året som han er ringmerkt.
1K+	= Alder usikker. Klekt ringmerkingsåret eller tidlegare.
2K+	= 2. kalendarår. Fuglen er klekt året før eller tidlegare.
M	= Hann
F	= Hoe
f	= Funnen fersk, nyleg død.
k	= Drepen av katt.
t	= Drepen av bil
+	= Skoten.
x	= Funnen død. Dødsårsak ukjent.
v	= Kontrollert, dvs. ringen er avlesen og fuglen sleppt.
vR	= Kontrollert av ringmerkar.
w	= Drepen mot vindauge.
1-1-14	= Fuglen funnen 1 år, 1 månad og 14 dagar etter ringmerking.

Døme på symbokbruk: xwf : Funnen død, drepen mot vindauge, fersk.

HØNSEHAUK *Accipiter gentilis*

CA17843 F1K 20.08.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

xwf 10.01.2006 Rolvsøy, Fredrikstad, Østfold. 331 km SSE. 0-4-20.

RUGDE *Scolopax rusticola*

6188983 1K+ 04.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

+ 17.11.2007 Ballywalter, Down, **NORD-IRLAND**. 1200 km SW. 2-2-13.



Ringmerkingsdata til denne rugda står over biletet (Foto: Kjell Mork Soot).

HEIPIPLERKE *Anthus pratensis*

5E28392 1K+ 10.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 05.10.2006 Heuseux, Liege, **BELGIA**. 1291 km S. 1-0-25.

5E28619 1K+ 11.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 28.09.2006 Hamme sint Anna, Oost-Vlaanderen, **BELGIA**. 1262 km S. 1-0-17.

5E28761 1K 28.07.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 14.09.2006 Västra Frölunda, Västra Götaland, **SVERIGE**. 518 km SSE. 0-1-17.

9E42437 1K 25.08.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 31.10.2008 Grembergen, Oost-Vlaanderen, **BELGIA**. 1267 km S. 0-2-7.

8240363 1K+ 08.10.2002 Wortel, Antwerpen, **BELGIA**

Brussels vR 11.09.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland. 1223 km N. 1-11-14

SIDENSVANS *Bombycilla garrulus*

8A85938 F1K 21.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

xwf 22.11.2006 Uppsala, Uppsala, **SVERIGE**. 515 km ESE. 0-1-1.

8A85944 M1K 21.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

xtf 11.11.2007 Hannover, Niedersachsen, **TYSKLAND**. 1083 km S. 1-0-21.

RAUDSTRUPE *Erithacus rubecula*

5E28597 1K 02.10.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 15.10.2005 Greifwalder Oie, Rostock, **TYSKLAND**. 916 km SSE. 0-0-13.

5E95199 1K 01.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
x 17.02.2007 Lyngør, Tvedestrand, Aust-Agder. 388 km S. 0-4-16.

BLÅSTRUPE *Luscinia svecica*

3E92264 M1K 05.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
vRM 29.08.2004 Lindänget, Kopparberg, **SVERIGE**. 305 km ESE. 0-0-24.

3E92590 M1K 09.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
xwf 25.08.2004 Sve gard, Vågå, Oppland. 27 km SSW. 0-0-16.

5E25023 M1K 21.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
xwf ca. 15.10.2004 Sandarne, Gävleborg, **SVERIGE**. 427 km E. Ca. 0-1-24.

5E90066 M1K 28.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
xkf 22.08.2005 Lora, Lesja, Oppland. 31 km W. 0-0-25.

5E92649 M1K 19.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 21.05.2007 Lågskär, Åland, **FINLAND**. 627 km ESE. 0-9-2.

6E88265 F1K 08.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
xkf 24.08.2007 Nusnäs, Kopparberg, **SVERIGE**. 313 ESE. 0-0-16.

688373J M1K 09.09.2003 Kotka, Kymi, **FINLAND**
Helsinki vR 10.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland. 960 km WSW. 1-10-1.

GRÅTRAST *Turdus pilaris*

7495372 F1K 15.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
+ 07.11.2007 Casnigo, Colzate, Bergamo, **ITALIA**. 1811 km S. 1-0-23.

7498089 1K 09.10.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
+ 24.11.2007 Boves, Somme, **FRANKRIKE**. 1427 km S. 0-1-16.

7498520 2K+ 10.10.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 20.12.2008 Port Sainte Marie, Lot-et-Garonne, **FRANKRIKE**. 2065 km S.0-2-11.

MØLLER, *Sylvia curruca*

E875883 1K 18.08.2005 Mølen, Larvik, Vestfold
vR 31.08.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland. 351 km N. 3-0-14.

LAUVSONGAR *Phylloscopus throchilus*

5H81784 1K 27.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 11.09.2006 Ribachiy, Kaliningrad, **RUSSLAND**. 1022 km SE. 0-0-15.

6H63600 1K 11.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
xkf 23.08.2007 Sørumsand, Sørum, Akershus. 258 km SSE. 0-0-12.

3H99605 1K 26.08.2005 Nes, Bjugn, Sør-Trøndelag
vR 03.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland. 185 km S. 0-0-8.

CB36349 2K+ 17.05.2005 Ottenby, Öland, **SVERIGE**.
Stockholm vR 10.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland. 772 km NNW. 0-1-23.

KJØTMEIS *Parus major*

5E28555 M1K 24.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
v 20.12.2007 Ljoshaugen, Dombås, Dovre, Oppland. 10 km SW. 2-2-27.

BJØRKEFINK *Fringilla fringilla*

5E96484 F1K 16.09.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 22.03.2008 Thetford Lodge Farm, Suffolk, **ENGLAND**. 1190 km SW. 1-6-8.

GRÅSISIK *Carduelis flammea*

4H10712 1K 10.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
xkf ca. 05.10.2004 Guldbakke, Skjåk, Oppland. 50 km WSW. 0-1-25.

5H26938 1K 25.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 05.11.2005 Bingsmarken, Malmöhus, **SVERIGE**. 787 km SSE. 0-1-10.

5H86299 M1K 01.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR19.02.2007 Moseby, Nordjylland, **DANMARK**. 547 km S. 0-4-16.

5H86446 1K+ 09.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 17.10.2006 Sandsgård, Ås, Akershus. 284 km SSE. 0-0-8.

5H60332 1K 14.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
xk 06.02.2007 Höör, Skåne, **SVERIGE**. 728 km ESE. 0-3-16.

6H60839 1K 15.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
xk 31.01.2007 Teleborg, Kronoberg, **SVERIGE**. 662 km SE. 0-3-16.

6H61074 1K 21.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 22.03.2007 Vinkilä, Turku-Pori, **FINLAND**. 679 km E. 0-5-1.

6H63038 1K 02.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 27.09.2007 Stora Fjäderägg, Västerbotten, **SVERIGE**. 622 km NE. 0-1-26.

6H63344 1K 06.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
xf 09.04.2008 Viitalantie, Kuusa, Vaasa, **FINLAND**. 864 km E. 0-8-7.

7H19948 1K18.08.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR M 04.10.2008 Eggegrund, Gävleborg, **SVERIGE**. 467 km E. 0-1-17.

6H63392 1K 08.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 01.09.2007 Hjerkind, Dovre, Oppland. 19 km NE. 0-0-24.

6H66307 1K 17.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 01.09.2007 Hjerkind, Dovre, Oppland. 19 km NE. 0-0-15.

6H66728 1K 25.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 01.09.2007 Hjerkind, Dovre, Oppland. 19 km NE. 0-0-7.

6H66962 1K+ 20.10.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 12.03.+ 21.03.+ 19.04.2008 Moen, Gran, Oppland. 200 km S. Max 0-6-2.

BRUNSIK *Carduelis cabaret*

5H51293 M 3K+ 10.05.2006 Hovden. Hareid, Møre og Romsdal
vM3K+ 30.07.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland. 173 km E. 0-2-1.

BY64064 F1K 10.09.2004 Södra Udden, Landsort, Södermanland, **SVERIGE**
Stockholm vRF 31.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland. 602 km NW. 0-10-21.

SIVSPORV *Emberiza schoeniclus*

5E25303 M1K 28.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 21.10.+30.10.2004 Sainte-Marie-D Alloix, Isere, **FRANKRIKE**. 1854 km S.0-1-24.

5E25361 F1K 29.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
vRF 25.10.2005 Villeton, Lot-et-Garonne, **FRANKRIKE**. 2059 km SSW. 1-1-26.

5E25855 F1K+ 11.09.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 28.10.2004 Piece au Lard, Aube, **FRANKRIKE**. 1557 km SSW. 0-1-17.

5E90223 1K 31.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
vRM 15.04.2006 Tilburg, Noord-Brabant, **NEDERLAND**. 1204 km SSW. 0-8-15.

5E96657 M1K 16.09.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 30.10.2008 Aard, Antwerpen, **BELGIA**. 1239 km S. 2-1-15.

5E96658 F1K 16.09.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 27.10.2006 Aard, Antwerpen, **BELGIA**. 1239 km S. 0-1-13.

5E95901 1K 01.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 12.11.2007 Villefranque, Pyrenees-Atlantique, **FRANKRIKE**, 2190 km SW. 0-3-13.

6E91234 F2K+ 24.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 03.10.2007 Lista fyr, Farsund, Vest-Agder. 469 km S. 0-1-10.

(Ytterlegare tre gjenfunn av sivsporv er publisert på side 14).

9E41181 M1K 21.09.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland
vR 14.10.2008 Vinkenbaan Derde Kro, Vlieland, **NEDERLAND**. 1016 km S. 0-0-23.

4E63731 F2K+ 08.10.2005 Mønstermyr, Flekkefjord, Vest-Agder
vR 02.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland. 453 km N. 0-9-28.

10429359 M2K+ 27.10.2007 Aard, Antwerpen, **BELGIA**
Brussels vR 21.09.2008 Fokstugu, Dovre, Oppland. 1239 km N. 0-11-0.

2.4. Kontrollar i 2008 på Fokstugu av fuglar ringmerkte tidlegare sesongar på same stad:

Art	2005	2006	2007	Totalt 2008
Heipiplerke	-	1	-	1
Gulerle	-	-	1	1
Jernsporv	-	-	2	2
Blåstrupe	-	2	2	4
Svartrast	-	-	1	1
Lauvsongar	4	7	13	24
Kjøtmeis	-	-	2	2
Brunsisik	-	-	2	2
Sivsporv	-	11	7	18
Totalt kontrollar	4	21	30	55

Tabell 1: Fuglar kontrollerte på Fokstugu i 2008, og som er ringmerkte tidlegare år på same stad. Slik les ein tabellen, eks. lauvsongar: totalt 24 lauvsongar ringmerkte tidlegare år blei kontrollert i 2008: 4 ind var ringmerkt i 2005, 7 ind var ringmerkt i 2006 og 13 var ringmerkte i 2007.

3. Samandrag av observasjonar for 2004-2008:

Berre artar som er nye for området i denne perioden, eller der vi kanskje kan bidra med noko nytt, er nemnde. Data frå våre tidlegare publikasjonar frå sesongane 2004-2007 er prøvt samla i denne publikasjonen, men tidlegare publikasjonar bør sjekkast for enkelte artar, for der er ofte meir detaljerte opplysningar:

Storlom *Gavia arctica*: Kvar sommar i sesongane 2004-2008 såg vi ofte storlom i Horrtjern og nærliggande vatn. Vanlegvis var det berre eitt eksemplar å sjå, men aldri ungar. I 23. august 2008 fanga vi inn og ringmerkte ein vaksen fugl og ein stor unge i eit lite vatn som ligg utanfor reservatet (sjå bilete side 15). 19. august 2009 fanga vi også inn ein stor unge for ringmerking på same plass. I begge desse åra var der ein unge i kullet. Det som slo oss, var at det verka som om dei vaksne fuglane flaug mykje til og frå Horrtjern. Er Horrtjern og nabovatna i reservatet berre blitt beiteområde, medan storlomen hekkar utanfor reservatet? Vi lar spørsmålet henge i lause lufta.



23.august 2008 blei desse to storlomane fanga og ringmerkte ved Fokstumyra. Denne raudlistearten er i kategori VU (sårbar). Tidlegare er det ringmerkt berre 6 storlom i Noreg. (Foto: Karl Johan Grimstad).

Horndukkar *Podiceps auritus*: Arten skal være observert en (eventuelt flere ganger) i området, mellom 1953 og 1985 (THØ 2003). Minst to ungfuglar hadde tilhald i Langtjørni ved Horrtjern 07.august og 08.august 2008 (KMS).

Storskarv *Phalacrocorax carbo*: Første registrering av denne arten på Fokstumyra blei gjort 26.august 2007 (jfr. Soot et al 2008).

Gråhegre *Ardea cinerea*: Arten hekker ikke. Den er observert tilbake til 1929. Fra 1986 til 2003 er 1-3 individer sett på matsøk gjennom sommeren (THØ 2003). I femårsperioden 2004-2008 var gråhegren ofte å sjå langs vatna om sommaren, vanlegvis enkeltindivid. I siste dagane i juni 2008 blei gråhegre observert flygande forbi, ofte i stor høgde, opptil fire for dagen blei sett. Dei kom alltid nordanfrå (Trøndelag?) og kursa mot sør. Ein kunne frå no av nesten dagleg sjå gråhegre fiske ved ulike vatn til ut i september.

Songsvane, *Cygnus cygnus*: Vi har to observasjonar av denne arten, 13.mai 2006 og 14.juli 2007. Det er fjerde og femte observasjon på Fokstumyra. (jfr. Soot et al 2006a og 2008).

Kortnebbgås, *Anser brachyrhynchus*: Denne arten blei for første gong påvist på Fokstumyra 16. september 2004. (Soot et al 2004) Sjø elles (Soot et al 2005). Frå midten av september til ut i oktober vil ein årleg kunne observere kortnebbgås på trekk over fjella på veg frå Trøndelag mot Austlandet og Danmark.

Grågås, *Anser anser*: 01-04 .oktober 2005 gjekk eit individ av den vestlege rasen *anser* og beita blant sauene på Fokstugu. (Soot et al 2005). Dette er første og hittil einaste registrering på Fokstumyra.

Siland, *Mergus serrator*: Arten har vært en svært sjelden streifgjest fram til ca. år 2000 og er fremdeles fåtallig, men ses regelmessig og arten kan være en av hekkefuglene på myra.....(THØ 2003). Under femårsperioden såg vi stadig siland. At fuglen hekkar på Fokstumyra kunne påvisat 08. august 2008, då ei ho med tre heilt nyklekte ungar blei sett i Nordre Horrtjern (KMS).

Havørn, *Haliaeetus albicilla*: THØ (2003) nemner fire observasjonar t.o.m.2003. Under femårsperioden observerte vi arten 21. mai 2005, 26.mai 2006 og 08.oktober 2008. Alle var utfarga individ.(Soot et al 2005 og 2006a).

Fiskeørn, *Pandion haliaetus*: Tre registreringer foreligger: fra 02.07.1965, 02.06.1988 og 03.06.1989 (THØ 2003). Ein fjerde observasjon blei gjort 05.juli 2008 (Hujon-3-2008). Observasjon fem :17.juli 2008 passerte eit individ over Fokstugu jernbanestasjon på veg mot nord (KMS, Astrid Kvendbø).

Sivhauk *Circus aeruginosus*: I 2002 blei første registrering gjort . Det var fleire observasjonar av ulike individ av arten det året (THØ 2003). Ein ungfugl blei sett ved Lesjabekk 23. august 2003 (Soot et al 2004). 14. juni 2008 blei ei ho sett ved Lesjabekk (KJG, KMS). Fuglen blei sporadisk sett fram til midten av juli, alltid i same området.

Hønehauk *Accipiter gentilis* : Første registrering på Fokstumyra av denne arten var 07. oktober 2004, då ei stor ho av ukjend alder flaug inn i eitt av netta, men kom seg ut før ringmerkarane fekk tak i fuglen (Soot et al 2004). Ei ung ho fanga og ringmerkt 20. august 2005. Ei ung ho sett også 02. og 09.oktober 2005 (Soot et al 2005).Ei ung ho fanga og ringmerkt 19. august 2006.(Soot et al 2006a).

Sporvehauk *Accipiter nisus*: Første registrering på Fokstumyra var 28. august 1997 (THØ 2003). 05. september 2004 blei eitt individ fanga og ringmerkt. Arten blei sett fleire gongar både før og etter denne fangsten, men om det var same individ er usikkert (Soot et al 2004). 21. og 27. august 2005 blei to unge hoer fanga og ringmerkt. Arten sporadisk sett til midten av september.

Denne arten trekker årleg forbi på hausttrekk.Tre individ blei observert på forbitrekk i løpet av tre timar 19. august 2006 ved systematisk observasjon. Tre individ blei ringmerkt 09., 10. og 16. september 2006. Arten ser ut til å vere vanleg på forbitrekk om hausten (Soot et al 2006a). I 2007 var det ingen fangst av arten, men året etter blei tre individ ringmerkt (06., 13. og 20. september).

Musvåk *Buteo buteo*: Første registrering på Fokstumyra 08. juni 2002 (THØ 2003). Andre registrering av denne arten blei gjort 26. august 2007 ved fugletårnet (Soot et al 2008).

Tårnfalk *Falco tinnunculus* og dvergfalk *Falco columbarius*: Førstnemnde hekkar både i oppsette kasser og i gamle kråke- og skjorareir i området. Dvergfalken vil helst ha kråkereir. 2008 var tydeleg eit vanskeleg år fordi smågnagarane kollapsa om våren. Merkeleg nok verka det som om smågnagarspesialisten tårnfalk klarte seg betre enn småfuglspeialisten dvergfalk. Kan det kome av at tårnfalken har betre evne til å slå om til anna bytte når hovudnæringa forsvinn? M.a. blei ein stor unge av enkeltbekkasin funne i eit reir hos tårnfalk. Problemet til dvergfalken er kanskje auka konkurranse om småfuglen når smågnagarane er vekke. Dermed er det ikkje nok næring til å få fram så mange ungar i depresjonsår.

I 2008 la dvergfalken egg som vanleg, men reira var tome då ungane var forventa å vere ringmerklingsklare. Tårnfalken hadde fire trivelege ungar i ei kasse. Menyen var også delvis fugleungar, i alle fall slike som spring på bakken som smågnagarane gjer. I Trysil er det påvist at firfirsle er ein viktig art i kriseår. Også på Fokstugu finst denne arten, om enn ikkje så stor bestand. I eit skjorareir ved Lesjabekk var der berre ein tårnfalkunge. I lag med seg i reiret hadde han tre store steinar, den største på knyttnevestorleik. Desse var tydeleg kasta opp i reiret av folk. Vi begynner berre å lure på kva som rører seg i hovudet på slike. Ungen var i alle fall ikkje i toppform, og det er usikkert om han vaks opp.

Trane *Grus grus*: Dette er ein av dei artane mange set i samband med Fokstumyra. I dei fem åra vi har vore der, har ikkje ein einaste unge kome seg på vengane inne i sjølve reservatet. Grunnane kan vere fleire: Forstyrning av besøkande, flaum pga snøsmelting og raudrev. Det er ei kjend sak at raudrev kan ta traneungar (*Jostein Sandvik pers. medd. Han er leiar av det norske traneprosjektet*). Raudrevbestanden er nok større enn naturleg i området, pga lett tilkomst til mat, m.a. matavfall som stammar frå hytter, og fallvilt frå tog og bil. Vi har aldri sett så mykje raudrev på myra som i 2008.

Vipe *Vanellus vanellus*: Nokre få par hekkar rundt Fokstugu gard. Fuglen har problem med å få fram ungar pga den store raudrev- og kråkebestanden.

Skogsnipe *Tringa ochropus*: Vanleg hekkefugl til midten av 1800-talet. Forsvann som hekkefugl i 1880-åra. Meget sjelden streiffugl i dag. Observert i 1986, 1989 og 1996. (THØ 2003). 31. juli 2006 blei ein ungfugl på trekk fanga og ringmerkt (*Soot et al 2006a*).

Storspove *Numenius arquata*: THØ (2003) anser storspoven som ein svært sjeldan hekkefugl. Første hekkefunn i 1942. Eit sannsynleg hekkforsøk sør for Fokstugu gard i 2006 (*Soot et al 2006a*). Også i 2007 og 2008 var arten til stades i same området.

Dobbeltbekkasin *Gallinago media*: I denne femårsperioden blei berre eitt individ observert på Fokstugu, 24. august 2008 (WMA). Fuglen flaug i nettet, men kom seg ut pga sterk vind.

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*: Arten er ikkje så alminneleg som ein skulle tru. Dette skal ha vore ein svært vanleg art på Fokstumyra i tidlegare tider, men er ikkje det no lenger. Vårflaum enkelte år er nok til stor skade. Ein aukande raudrevbestand er heller ikkje positivt for enkeltbekkasinen og andre bakkehekkande artar. Det er faktisk mest enkeltbekkasin å sjå i oktober, når forbitrekkande fuglar besøker Fokstumyra .

Kvartbekkasin *Lymnocyptes minimus*: Det var registrert tre observasjonar mellom 1927 og 1989 (THØ 2003). Registrering nummer fire blei gjort 11.oktober 2007 då eitt individ blei ringmerkt (Soot et al 2008).

Brushane *Philomachus pugnax*. Sporadisk sett spesielt ved Horrtjern i 2004 og 2005. Fem hoer beita på markene på Fokstugu 27. mai 2006. Seinare såg vi ikkje arten På Fokstumyra. (Soot et al 2006a).

Makrellterne *Sterna hirundo*: To individ observert i lag med tre raudnebbterner ved Lesjabekk 07. juni 2005. Første registrering av arten i området (THØ 2005) og (Soot et al 2005).

Svartterne *Chlidonias niger*: Tre individ i S. Horrtjern 24-25. juli 2004 (THØ 2005) og (Soot et al 2005). Første registrerte observasjon i området.

Bydue *Columba livia* var. *domestica* : Eitt individ (mørk fase) sett på Fokstugu gard 10. august 2005. Fuglen prøvde å overnatte under taket på ”gamlehotellet”. Dette er første registrerte observasjon på Fokstugu, men skal tidlegare enkelte år vere observert på markene på Fokstugu (Soot et al 2005).

Gauk *Cuculus canorus*: Berre ein tanke som har slått oss: Gauken er svært vanleg å høyre på Fokstumyra når småfuglane går til hekking ut i juni . I låglandet høyrer ein nesten ikkje denne fuglen etter jonsok, på Fokstumyra held han fram å gale til fram mot slutten av juli. Kan det vere same fuglane som etter hekkeperioden i låglandet flyttar opp i høgjellet?

Ringdue *Columba palumbus*: THØ (2003) beskreib ringdua som streiffugl. I løpet av denne femårsperioden er det blitt heilt klart at denne arten hekkar i skogområda rundt Fokstumyra, like inn til myra. Tome reir er funne både i rein bjørkeskog og i granskog. Er dei fleste sommarane sett i relativt store flokkar på Fokstugu, opp til 17 i talet. Fuglane på Fokstugu har forsvunne kvart år i slutten av august. Fuglar nordfrå trekker nok over Fokstumyra kvar haust, men i stor høgde. Under den vindfulle hausten 2005, blei to flokkar observert 11.(ca. 15 individ) og 13 oktober (7 individ) der dei kjempa seg fram i sterk motvind (sørleg kuling) like over bakken (Soot et al 2005).

Haukugle *Surnia ulula* : Meget sjelden. 1 individ sett ved Steintjørna 18. april 1984. Ellers jaktet 1 par øst på Fokstumyra våren 1989. Dette paret hekket rett sør for E-6, ved Lesjabekk (THØ 2003). Tredje registrering av denne arten var 13. september 2008 . Ugla sat på ei straumlinje ved gardsvegen som kryssar markene; ho hadde ein stor gnagar, sannsynlegvis ein vånd, i klørne (KMS).

Perleugle *Aegolius funereus*: Første og einaste registrering blei gjort 06. oktober 2004, då eit individ blei fanga inn og ringmerkt. Der var sannsynlegvis fleire individ i området den kvelden (Soot et al 2004). Det er naturleg at perleugla besøker Fokstumyra under invasjonår.

Sporveugle *Glaucidium passerinum*: Første og einaste registrering blei gjort 09. august 2007 (Soot et al 2008).

Vendehals *Jynx torquilla* : To registreringar var gjort utanom vårt prosjekt : Lesjabekk 07. juni 1986 og eitt individ høyrte same stad 10. juni 2005 (THØ 2003 og 2005). Ei tredje registrering av denne arten blei gjort då eit individ blei fanga og ringmerkt på Fokstugu 04.

september 2005 (*Soot et al 2005*). 27. juli 2007 blei ein ungfugl fanga og ringmerkt. Dette var andre og siste registreringa vi gjorde i femårsperioden (*Soot et al 2008*).

Gråspett *Picus canus*: Første og einaste registrering blei gjort 09. oktober 2007 (*Soot et al 2008*).

Svartspett *Dryocopus martius*: Første og einaste registrering 31. august 2007 (*Soot et al 2008*).

Flaggspett *Dendrocopus major*: Eit individ sett fleire gongar i fangstområdet på Fokstugu 10. september 2005. Eitt individ fanga og ringmerkt 02. oktober 2005. Dette er første registreringane for Fokstumyra (*Soot et al 2005*).

Dvergspett *Dendrocopos minor*: Blei sist funnen hekkande i området i 1971. Sporadisk observert, sist i 1986 (*THØ 2003*). Ein ungfugl blei fanga og ringmerkt på Fokstugu 15. oktober 2005 (*Soot et al 2005*). Tre ungfuglar blei fanga inn i 2007: eitt individ 18. august og to individ 22. september. (*Soot et al 2008*).

Tretåspett *Picoides tridactylus*: Første registrering for Fokstumyra blei gjort 27. mai 2007 (*Soot et al 2008*). Andre funn av arten blei gjort då Willy Mardal fanga, fotograferte og ringmerkta ein ungfugl 20. august 2008.

Songlerke *Aulauda arvensis*: Blei kvart år i femårsperioden, spesielt i slutten av september og i første halvdel av oktober, sett i mindre tal på markene på Fokstugu. Tydelegvis på forbitrekk.

Sandsvale, *Riparia riparia*: *THØ (2003)* nemner fire registreringar mellom 1964 og 1987. 29. mai 2004 blei ein flokk på ca .10 individ sett på Lesjabekk 09. august 2004 var der fleire individ i lag med låvesvaler på same stad. (*Soot et al 2004*). To mindre flokkar på 5-6 individ på direkte sørtrekk observert 31.juli og 01. august 2005 (*Soot et al 2005*). Eitt individ på Fokstugu gard 13. juni 2008 (LFO, KMS).

Låvesvale *Hirundo rustica* : *Arten vanleg ved fjellstovene på Dovre rundt 1854-1857. Så går det over 100 år før arten igjen blir nemnt. I 1964 opptil 5 individ på Fokstugu. Observert også i 1970 og 1971. Hekka på Fokstugu i 1988 og 1989 (THØ 2003).* I 2004 hekka sannsynlegvis eit par i ei av stasjonsbygningane på Fokstugu stasjon. Fleire individ observert i lag med sandsvaler Lesjabekk 09.august 2004. Eit uvanleg seint individ observert ved fangstplassen på Fokstugu 07. oktober 2004 (*Soot et al 2004*). I 2005 var det gjort berre ein observasjon, då ein ungfugl på insektjakt blei observert på Fokstugu gard 13. august (*Soot et al 2005*). 2006: Spreidde observasjonar i august. Siste observasjon dette året var 16. september (to ungfuglar). I 2007 prøvde to par å hekke i driftsbygninga på Fokstugu gard. Eitt av para forsvann. Det andre paret fekk fram ein unge. I 2008 ruga eitt par i same bygning, men dei fekk ikkje fram noko. Reiret var plassert heilt inntil bølgeblekktaket, der det var svært varmt i periodar. Det er mogeleg at den sterke varmen øydela fosterane i egga.

Taksvale *Delichon urbica*: *Har hekket vanlig på Fokstugu gard siden 1875 da ca. 50 par hadde tilhold der (THØ 2003).* Skjora har gjort sitt inntog i høgjellet mellom anna pga aukande hyttebygging som medfører at fuglen lettare får tilgang til mat. Denne arten har gjort det vanskeleg for taksvala på Fokstugu gard. I 2004 og 2005 blei alle reira plyndra av skjor, med unntak av eitt som låg på innsida av veggen. I 2006 og 2007 var det ikkje ei einaste

taksvale å sjå. I 2008 var der kome tilbake ein del fuglar som hekka. Det året var der lite å sjå av skjora.

Trepiplerke, *Anthus trivialis*: Det blei i løpet av femårsperioden avdekka at det går eit godt trekk av denne arten over Fokstugu. Beste trekktida såg ut til å vere i siste halvdel av august. I 2006 hadde ei av trepiplerkene på seg ein flått. Det skulle tyde på at nokre av fuglane kjem frå kystnære strok.

Heiplierke, *Anthus pratensis*: Vanleg hekkefugl. I heile august og til slutten av september foregår eit godt trekk over myra. I dei to første vekene i september er vanlegvis trekket på topp.

Vintererle *Motacilla cinerea*: Første registrering på Fokstumyra blei gjort 13. oktober 2006 (*Soot et al 2007*).

Sidensvans *Bombicilla garrulus*: 13. oktober 2006 blei sidensvans registrert for første gong på Fokstugu. Medbrakt rognebær blei hengt opp og fem individ blei fanga inn og ringmerkte 15. oktober. Det blei i helgane fanga fram til 04. november då utstyret blei rigga ned. 24 individ blei ringmerkte. Det mest påfallande ved denne invasjonen var at vi såg lite av han på Sunnmøre. På Nordmøre og i Trøndelag var der mykje meir fugl og det over lengre tid. Det såg faktisk ut til at fuglane flaug over fjella til Austlandet frå desse områda, i staden for å flyge langs kysten sørover (*Soot et al 2006a*). Også i skrivane stund (desember-januar 2009/2010) ser ein same bildet: I Trøndelagsfylka er det rapportert brukbart med sidensvans, og i Oppland/Hedmark. Det ser ut til at fuglane flyg over fjella mellom desse to områda denne sesongen også. I i alle fall sørlege del av Møre og Romsdal har det vore svært lite sidensvans denne vintersesongen.

Fossefall *Cinclus cinclus*: Reiret ved Fokstugu blei røva av kråkefugl i 2004 og 2005. Hausten 2006 blei ei predatorsikker kasse sett opp. I 2008 hekka fuglen i kassa, og fekk fram 6 ungar.

Det blir elles registrert fleire individ enn vanleg av fossefall i elvane i oktober, noko som tyder på eit visst forbitrekk av fugl på veg søraustover mot m.a. Sør-Sverige.

Gjerdsmett, *Troglodytes troglodytes*: Berre ein observasjon av gjerdsmett var gjort, 13. april 2001 (*THØ 2003*). Det viser seg no at arten er årleg og ikkje heilt uvanleg på Fokstugu. 2004: To individ ringmerkt 18. september. Same dag blei eitt individ observert ved driftsbygninga på garden. 07. oktober blei tre individ ringmerkt. Dette tyder på at det går eit mindre trekk av gjerdsmett over Fokstumyra (*Soot et al 2004*). I 2006 blei eit svært ungt eksemplar fanga 10. august. Tidspunktet, utviklinga og utsjånaden av fjørdrakta viste at fuglen måtte vere klekt i nærområdet (*Soot et al 2006a*). 28. juli 2007 blei eit svært ungt eksemplar fanga. Også dette funnet tyder på hekking i nærområdet (*Soot et al 2008*). I 2008 blei 7 individ fanga i løpet av september.

Jernsporv, *Prunella modularis*: Relativt vanleg hekkefugl. Der går heilt tydeleg eit stort hausttrekk av jernsporv over Fokstumyra. I dei to første vekene i september er vanlegvis trekket på topp, og fuglane brukar også området som rasteplass.

Raudstrupe, *Erithacus rubecula*: Hekkefugl i området. Frå ca. 10. september går det vanlegvis eit stort forbitrekk av raudstrupe over Fokstumyra. Det kan sjølvstund frå år til år

varierte i tal på individ og varigheit, men vanlegvis varer trekket minst ei veke ut i oktober. Kratta blir enkelte gongar påvisleg nytta til overnatting av mange individ.

Blåstrupe, *Luscinia svecica*: Vanleg hekkefugl i og ved Fokstumyra. Det var denne arten som fekk oss til å starte opp med ringmerking på Fokstugu. Det har vist seg at talet på individ svingar sterkt frå år til år. Om det har samband med smågangarbestanden, er ikkje undersøkt så nøye, men teikn kan tyde på det. I 2004-blei 845 individ ringmerkt. 2005-389 individ ringmerkt. 2006-1168 individ. 2007-876 individ. 2008-554 individ.

Det er heilt klart at det går eit trekk av framande fuglar over myra også. Beste beviset på det er ein blåstrupehoe som i 2006 hadde to flåttar på seg ved nebbrota. Den fuglen kom nok frå meir kystnære strom (Soot et al 2006a). Der var sambrot våren 2008 i smågnagarbestanden. 2009 burde derfor vere botnår for blåstrupen, men dette blei det ikkje høve til å undersøke.

Svartraudstjert *Phoenicurus ochruros* : Ein ungfugl blei fanga og ringmerkt 31. juli 2005. (Soot et al 2005). Spørsmålet om denne kan kome frå eventuelle hekkeplassar i høg fjellet i nærområdet er drøfta i ”Hujon 1 – 2006,” (Soot et al 2006b).

Buskskvett *Saxicola rubetra*: Fåtalig trekkgjest på seinsommaren. Denne arten har gått kraftig tilbake i heile landet siste åra.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*: 11. oktober 2007, under første snødagen den hausten, blei to steinskvettar fanga inn og ringmerkte. Vengemåla på begge fuglane tyder på at fuglane sannsynlegvis var av den grønlandske rasen *leucorhoa* (Soot et al 2008). At fuglar frå Grønland kan trekke over dei norske høg fjella er ingen overraskelse, for det er kortaste vegen til lenger sør i Europa, i staden for å følgje kysten av Noreg. Mange meiner at storparten av fugletrekket går gjennom dalane, men desse fem åra med undersøking av trekket viser at det foregår eit massivt trekk av mange fuglearter over høg fjellet, uavhengig av dalane. Dei kan i stor høgde krysse desse og vere usynlege derifrå. Fakta er at det er lettast og kortast å flyge over fjellmassiva i staden for å følgje dalbotnen, som ofte går i feil retning. Fleire gjenfunn frå Fokstugu peikar også mot dette.

Svartrast, *Turdus merula*: Denne arten er ikkje nemnd i THØ 2003. Første registrering var 07. oktober 2004 då fire individ blei ringmerkt. Fleire andre individ blei observert. Mykje av svartrasten på Fokstugu passerer nok myra på veg mot vinteropphaldsstad i Storbritannia, gjerne i oktober. Dette skjer kvart år (Soot et al 2004). I 2005 blei seks ungfuglar fanga og ringmerkte i perioden 27. juli til 04. august, noko som kan tyde på hekking i nærleiken (Soot et al 2005).

Gråtrast *Turdus pilaris*: Det blei slått fast at tusenvis av gråtrast passerer Fokstugu, spesielt i oktober, med trekktopp rundt den 10. Enkelte dagar var det eit imponerende skue. Sjølv om Fokstugu ligg på om lag 1000 meters høgde, trekte store flokkar forbi i fleire hundre meters høgde over bakken. Då er der ingen hindringar framfor dei, og dei kan velje kortaste vegen mot vinterkvarteret. Det same blei observert med kortnebbgås som flaug endå høgare. Også rovfugl, gråhegre og traner passerer Fokstugu i stor høgde.

Raudvengtrast *Turdus iliacus*: Trekker forbi Fokstugu i mengder i oktober. Om dagane ofte i lag med gråtrast, men er ikkje så talrik som den arten. Arten kan også stadig høyrast på trekk nattetid på denne tida.

Nattergal *Luscinia luscinia*: Første registrering for Fokstumyra blei gjort 23. mai 2004 (THØ 2005).

